

**Osterøy kommune**  
Rådhusplassen  
5282 Lonevåg

Hauge, 23.05.2023

### **Søknad om dispensasjon på gnr. 141 og bnr. 3 i Osterøy kommune**

Det vert søkt om dispensasjon frå bygging i LNF- område. Tiltaket gjeld oppføring av ny einebustad og riving av eksisterande einebustad, der deler av grunnmuren vert ståande att.

#### **Bakgrunn for søknad**

Det er gjeve løyve til å dela ein parsell rundt eksisterande våningshus frå hovudbruket. På denne parsellen vert det no søkt om dispensasjon frå formålet LNF til bustadformål i samband med søknad om oppføring av ny einebustad og rivning av eksisterande bustad.

Parsellen er allereie utbygd, så ein ny bustad vil ikkje tilføra noko vesentleg nytt på staden. Det eksisterande huset ville ha kravd ei større rehabilitering for å tilfredsstilla dagens krav til bustadstandard. Med eit nytt bygg vil ein få ein bustad etter dagens standard, samt at huset får ny plassering med litt større avstand frå vegen.

Me vurderer det slik at fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene samstundes som intensjonane i arealplanen ikkje vert sett til side.

Med venleg helsing  
**Helge Rød A/S**  
Synnøve Tveiterås